

A-laget sesongavslutta med siger.

11.10.2014



Rosendal har samla seg svært godt og har vore formlaget i 6.divisjon i haust.

**A-laget i fotball har hatt ein sterk haustsesong. I dag spela dei siste seriekamp for sesongen, og det enda med ein ny siger. 2 - 1 vart siffera i bortekampen mot Vestkysten på Varden Framobanen. Dermed har laget i haust klatra til ein 5.plass i 6. divisjon avdeling 1.**

Med sigeren i dag har Rosendal befesta posisjonen som eit av formлага i pulja i haust. Laget har hatt ei flott utvikling utover i sesongen, og med mange lovande ungutar i stallen skulle det meste liggja til rette for ein god 2015-sesong. Dersom laget får behalda mesteparten av spelarstallen, bør opprykk til 5.divisjon vera ei realistisk målsetjing.

Dei 5 uskedalsungdomane som har spela fast med laget, var også med på sigeren i dag. Det er Marius Myklebust, Sondre S. Myklebust (ikkje med i dag), Dag Rune Myklebust, Hermund Døssland og Hans Fredrik Zimmer.

Fleire detaljar vil etter kvart komme på denne lenkja: <http://www.fotball.no/System-pages/Kampfakta/?matchId=5918383> Der finn de og tabellen for 6.div. avd. 01.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Ragnvald Myklebust.